

Starfighter styrta i Straumsneset

- eit 50-årsminne etter major Willem Heitmeijer • 17.11.1964 - 17.11.2014

Av Helge Husby

Tirsdag 17. november 1964

Eg var åtte år gammel, og ennå i dag, femti år seinare, kjenner eg stemninga da det nederlandske jagarflyet styrta i Straumsneset. Om det var fortellingane etterpå som gjer det, eller om det var opplevingane eg hadde da, veit eg ikkje. Ennå spekulerer eg på om eg egentleg hørde det kraftige smellet da Starfighteren til Willem Heitmeijer gjekk i bakken i Treekerskogen.

Det var eit uvêr utan like, med snø, sludd og storm, og hus var svartlagt, berre eldsljøset av parafinlampa kunne skimtast i vindua. Radioen var taus, og dei få som hadde fjernsyn hadde inga glede av det. Ikkje eingong om dei hadde hatt trauma, for det var ikkje fjernsynssendingar på dagtid den gongen.

Den kraftige lyden som folk hadde høyrte, og rykta om at nokon med Radionette Kurér batteriradio hadde høyrte om eit fly som truleg hadde gått i havet ved Kristiansund, resulterte i mange spekulasjonar og skapte forvirring.

Eg har sett på tegningane eg laga på folkeskulen. Det revolusjonerande Starfighter-flyet gjekk att. Ulykka hadde sett spor i åtteåringen. Alt var liksom så uverkeleg. Det var ikkje ein gong slike ting vi såg i fjernsynet eller på film den gongen.

FLYSTYRT I NIPLIA

Oppunder Nipå i Treekerskogen, blant vridde vrakdelar og brannsvidde tollar, kjenner ein på den korte avstanden mellom livet og døden, og ein undrar seg på lagnaden til kona og dei fire farlause gutane i Groningen i Nederland. Denne historia vil eg fortelle, med god hjelp av den da seks år gamle Hilbert Heitmeijer og folk her i Tingvoll som har minne om den tragiske flystyrten. Hilbert er i dag grafisk designar i byen Meppel nord i Nederland:

«Eg hugsar vi leika i gata og venta på at far skulle komme heim frå arbeid. Da han kom heim, sprang vi imot han, og han svinga meg og vennene mine rundt. Men denne dagen tok det så lang tid før han kom. Men om kvelden kom det menn i uniform sammen med presten og fortalte at far kanskje aldri kom heim meir - - »

